

2022 / 2023

Kulturskulenytt 1/4

## **Nyheiter:**

Sumaren er verkeleg over no sjølv om hausten bydd på mange fine dagar. Skulen og jobben har starta, og ikkje minst kulturskulen. Me kjem godt i gang og kan telja no 85 håpefulle elevplassar (ca 65 elevar) i musikk, dans, og kunst.

Visuell kunsten starta opp i Vangsnes og det fungerer glimrande i følgje vår superforneigd kunstlærer, Mona.

«Den kulturelle skulesekken» har me invitert TrommeLars som skal helde ei formidabel trommekurs i skulane i veke 47. Det blir veldig kjekt! TrommeLars tar med seg en heil lastebil fullt av trommer til alle born i Vik!

«Den kulturelle spaserstokken» Brit Eli held sangstunder på torsdager samt blir det elevkonsertar og taffelmusikk for eldre med lærere frå kulturskulen i VBS.

Marianne S. Kroken frå Luster starta songopplæring. Marianne er ein fantastisk sangar og songpedagog. Me prøvar ut nye veger derfor songopplæringen blir tilrettlagt både ved fysisk oppmøte og online undervisning. Det blir spanande å sjå utviklinga.

## **KOMMANDE ARRANGEMENT:**

Det er mange ting som skjer i kulturskulen i Vik!

Piero kjem til å holde dansekurs den 22.-23. oktober, og 26.-27. november.

Workshop 29.-30. i oktober (gratis). Du melder deg på dansekurs og workshop via kommunen sin nettside. Her:

Kulturskulen planleggjer i tillegg å delta på strikkekaffe på tysdagar, historiskkaffe på fredagar, og elevoppdrag på div. arrangement. Meir info får du frå din kulturskulelærer.

Risgrøttest i desember arrangerer me i Vangsnes i år. Meir info kjem!



**Takk for alle elevar og føresatte for eit fantastisk oppstart!**

I Vik kulturskule har vi tilbod innen musikk, dans og visuell kunst.



## MIN Kultur - - Skule



### NYHENDE:

#### Det skjer mykje i kulturskolen!

Super gjennomført **workshop** på den 29.-30. oktober. Mange flinke elevar og pedagogar samla frå Aurland, Sogndal og Vik. Vi takkar for støtten vi fekk frå Kulturskolerådet!

**Piero** har vore i bygda att og holdt 4 dagar med breakdance. 18 barn deltok på dansekurs og det vart nok ein gong suksess. Vi takkar for støtten vi fekk frå UKM.

**Elevane våre er aktive** og opptre gjerne rundt om kring i kommunen. For eks. strikkekaffe på tysdagar og på historisk kaffe på fredagar. I «velferdsenteret» og i sjukeheimen brukarane gleder seg til kvar gong kulturskolen kjem på besøk. Musikkstundene er på torsdagar og på fredagar gjennom heile skuleåret.

**Sist men ikkje minst** kulturskolen har all grunn til å smile! Grunnet mykje aktivitet og mange elevar i kulturskolen, vil kommunen innføre ei prøveordning i 2023, nemleg å redusera **elevavgifta** med altså 50%. HURRA! **Vi takkar så mykje!**

**Juleavslutninga** skjer i år ved at lærarane arrangerar sine «lokale» avslutningar.

[Sjekk nye videoar her:](#)



### KOMMANDE PLANAR:

1. **Nyttårsfest** med kultur-pizza (pizza-buffe) på **den 16. jan i Blix-hotell, rett etter skulen**. Eigenandel kr 40.– Påmelding snarest til din kulturskulelærer. Meir info kjem.
2. Elevane deltar på **strikkekaffe**, og på **historisk kaffe**. Meld deg til din lærer om du **vil bidra**.
3. Vi fortsetter med **sangstunder** på torsdagar og **DKSS** i VBS.
4. Vi planleggjar ein **lærerkonsert** i mars. Vi håpar på stort publikum. Meir info kjem!
5. **Ukm** blir sansynleg på den 25. mars, laurdag, Meir info kjem!
6. **Den store kulturskulekonserten** og **utstilling** blir i april. Meir info kjem!
7. **Open dag** med avslutning i Juni.
8. **Sumarskule** rett etter skuleavslutning.

*Kulturskolen ynskjer elevar og foresette ein  
**GOD JOL**  
med mykje musikk og kunst på juleafta!*



Vik kulturskule har tilbud innan musikk, dans og visuell kunst.


Har du ein ide om korleis DIN kulturskule i Vik skal vere i framtida? Vi vil gjerne høyre om det!

Kontakt: [dora.david@vik.kommune.no](mailto:dora.david@vik.kommune.no)

2/4  
Desember  
2022



## MIN KulturSkule



### NYHENDE:

Super gjennomført **Nyttårsfest** i Blix hotell den 16. januar. Mange elevar deltok. Det var avslappet stemning, vi koste oss!

Kulturskolen arrangerte **UKM** i Vangsnes skule. Det vart eit lite arrangement, men med stor engasjement. Annbjørg, Astrid på song, og «Twisted» danseduoen ønsket å reise til fylkes UKM. Fylke arrangerer denne gongen fylkesmønstringa i Sogndal. Arrangementet vart støtta av stimuleringsmiddel UKM Norge.

**Piero** har vore i bygda att og heldt eit formidabelt dansekurs. Det vart 2 grupper, og tilsammen **27 bom** deltok. Kvar gruppe har øvd i 2 klokke time. Kurset var gratis. Arrangementet vart støtta av «stimuleringsmiddel UKM Norge».

**Sjå kor mykje dei har lært på så kort!**

[Sjå filmen her:](#)



**Elevane våre er aktive** og opptre gjerne rundt om kring i kommunen. Strikkekaffe, historisk kaffe og andre arrangement. Takk til lærare som følger elevane opp!

**Visuell kunst** lager mykje flott for tida!

[Sjå filmen her:](#)



### KOMMANDE KONSERTAR:

**22. april - Lærerkonsert i Vangsnes, kl 15.00**

**Vi håper at elevane og foresatte kjem på lærerkonserten vår!**

Det er og læring at elevane observerer sine egne lærere på scenen. Kanskje blir du overrasket hvor flinke nettopp din kulturskulepedagog er!

**29. april - Vårkonsert med vårutstilling Vangsnes, kl 15.00**

**28.-30 april - UKM fylkesmønstring i Sogndal, deltaking.**

**27.-30. mai - Deltaking på Gamalostfestival**


**2. juni - Open dag kl 17.00, Vangsnes**

**Sumarskule - Tema «trafikktryggleik - Sjå opp!» Meir info kjem!**

Har du ein ide om korleis DIN kulturskule i Vik skal vere i framtiden?  
Vi vil gjerne høyre om det!

K  
u  
l  
t  
u  
r  
s  
k  
u  
l  
e  
n  
y  
t  
t

3/4  
April  
2023



Scan me!

### **Nyhende:**

Kulturskulen har vore aktiv i våren.

Sjå kortfilmen om lærarkonsert, elevkonsert, open dag, gamalostfestivalen, konserten i velferdssenteret og sumarskulen. Kulturskulen er stolt av bygda si og me takkar alle for godt samarbeid :)

**Frå hausten Tuva Bettum startar opp dansen for 5. og 6. klassingar, og Eivor Time tar over stafetten frå Thea Tenold.**

**Me takkar mykje for Thea Tenold og ynskjer henne lykke til vidare!**

**Den 9.-10. september arrangerer vi WORKSHOP og Piero kjem!**

**Sjå vedlagt plakat** og meld deg på til din lærar allereie i dag.

Workshop er gratis.

Me har fått få utmeldinger og det er flott, men sender likevel ein liten påminning om utmeldingsfristen. Det er 1. august.

Oppstart haust: din lærar tar kontakt med deg i veke 34.

**Med ynskje om ei riktig God Sumar!**

Sommerhelsing:

**Brit Eli, Hege, Marianne, Mona, Leif, Thea/Ine Marie, Piero og Dora**

**4 INFOBLAD I LØPET AV EIN  
KULTURSKULEÅR.**

**2 HAUST**

**2 VÅR**

**GOD LESNING :)**